



Samnanger kommune

Skulereglar Samnanger barneskule

Du skal ta vare på ting! Du skal ta vare på andre! Du skal ta vare på deg sjølv!

NB! I Samnanger kommune er det vedtatt ei forskrift om ordensreglement. Ordensreglane ved Samnanger barneskule er laga ut frå dette reglementet.

§5 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- Vera hyggeleg og høfleg mot kvarandre.
- Følgja med i timane og gjera som dei vaksne seier.
- Ha eit godt språk utan banning og ukvemsord.
- Vera snill og grei med andre.
- Visa respekt for skulen og andre sine eigendelar.
- Ikkje ta med farlege gjenstandar på skulen.
- Gjera ditt beste.
- Vera på skulen sitt område i skuletida.
- Delta i undervisninga.
- Gjera opp for seg, td. hjelpa til med å reparera skade eller erstatta ting ein har øydelagt.
- Følgja klassereglane.
- La mobilen liggja avslått i sekken i skuletida – om denne regelen vert broten kan mobilen bli inndratt gjennom skuledagen. Eleven får telefonen tilbake ved skuleslutt.

§ 4 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- Møta presis på skulen og til undervisninga.
- Ha skulesakene i orden.
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- Gjera arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger